


Moderne importord i språka i Norden

Titel: Bil, språk og brukskunst – innleiing

Forfatter: Helge Sandøy

Kilde: Moderne importord i språka i Norden I.
Med 'bil' i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utalandske ord,
2003, s. 7-8

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/min/issue/archive>



© Novus forlag 2003

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsrettsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Bil, språk og brukskunst – innleiing

Helge Sandøy

Bergen

Vi stoppar nok sjeldan opp ved kvardagsordet 'bil'. Men ordet er eit fint stykke nordisk brukskunst. Historia om opphavet skriv Inge Lise Pedersen om i første artikkelen i denne boka. Den fortel om kreativitet og fantasi, som skaper ein fulltreffar, i staden for det tunge 'automobil' som besteforeldra eller oldeforeldra våre sleit med. Og ordet 'bil' var så enkelt når først noen kom på det.

Interessant er det at dette ordet, som i 2002 hadde 100-års-jubileum, er blitt eit fellesord for alle dei nordiske språka. Og ingen andre språk brukar dette ordet. Den nordiske fellesskapen og det nordiske særpreget fekk enda ei markering. Det er altså ikkje bare dei urgamle orda som er felles for oss.

Folk er opptatt av kva vi gjør og skal gjøre med dei nye orda som kjem inn i språket vårt. Mye av det nordiske språksam arbeidet går nettopp på spørsmålet om å styrke språka våre. Vi styrker morsmåla våre ved å sikre at dei blir brukt på flest mulig samfunnsmønster, og vi styrker dei gjennom å markere dei som våre. Begge desse perspektiva – bruksperspektivet og formperspektivet – har det til felles at dei vitnar om ei holdning. Både å ønske at poppsongar er på morsmålet og å meine at *e-mail* bør heite *e-post*, er uttrykk for at språket er symbol på kulturelle posisjonar og funksjonar – og på mangfald.

Dei nye omgropa verken kan eller ønskjer vi å stoppe; dei er jo "Culturens Gesandter". Men vi treng ikkje godta andres ord for desse omgropa. Vi står fritt til å lage nye ord eller skape om på dei vi gjerne importerer saman med omgrepene, eller bare å godta importordet som det er. Kva som er best, kan diskuterast; og språket krev inga fundamentalistisk løysing.

Når det gjeld importorda, er det tydeligare enn elles at vi alle held handa i den språklig støypeskeia. Refleksjonane og tankane omkring denne daglige språkendringsprosessen er ein del av kulturen vår. Dei nye orda kan diskuterast reint språklig, men ikkje mindre kan dei diskuterast i eit kulturelt og sosiologisk perspektiv. Dei fortel om kva rolle vi ønskjer språket skal ha i kulturen vår.

Språkpolitisk referansegruppe under Nordisk ministerråd bad i 2000 Nordisk språkråd arrangere ein konferanse om avløysarord og tilpassing av importord. Nordisk språkråd tok på seg ansvaret og lét prosjektet Moderne importord i språka i Norden (jf. <http://www.hf.uib.no/MODERNE/>) stå for gjennomføringa. Konferansen blei halden i Bergen 18.-19. oktober 2002 – med finansiering frå Språkpolitisk referansegruppe, Nordisk språkråd og Norsk språkråd. Innlegga frå denne konferansen er blitt til artiklar i denne boka.

Vi samlar desse artiklane i første boka i ein skriftserie frå prosjektet Moderne importord i språka i Norden. Forskningsprosjektet blei initiert av Nordisk språkråd, og det blir drive med støtte frå fleire kjelder, i hovudsak Nordiska samarbetsnämnden för humanistisk forskning, Nordisk forskarutdanningsakademi, Nordisk språkråd og fleire nasjonale

språknemnder og forskingsfond. Det er med forskarar frå det finske, finlandssvenske, sverigesvenske, danske, norske, færøyske og islandske språksamfunnet, og målet er at ein gjennom nøyaktige jamføringar mellom dei sju språksamfunna skal kunne få betre innsikt i bruk av importord og holdningar til moderne språkpåverknad. Resultata frå prosjektet vil komme i denne skriftserien.

Automobilkjørsel.

Da Lardal hittil ikke har været trafikeret med Motorvogn, ønsker jeg av Hensyn til Færdselen herved bekjendtgjort, at jeg **førstk.** **Mandag** agter at reise oپover Dalen pr. Automobil med Avreise fra Larvik ca. Kl. 11 Fm. og ankomst til Vittingfos om Eftermiddagen med Stans paa Svarstad.

Tilbakereisen foregaar den følgende Dags Eftermiddag.

Larvik, 10de April 1913.

F. M. Treschow.

Aftenposten 1913, henta frå *Århundrets Hvem Hva Hvor*, Oslo 1999.